

4 frå New Zealand var lærerar i klypping

01.11.2014



Også kursvert Ragnhild måtte sjølvsagt delta i kurset

Det var eit team på 4 frå sauelandet New Zealand som i dag kom til Uskedalen og heldt kurs i klypping. Dei har klyppa hos Flatland men reiser hem til veka. I spissen for kvartetten finn ein Rodney Sutton, som framleis har verdsrekorden med utruleg imponerende prestasjonar: 721 vaksne sauer og 1103 lam på 9 timar. - Utruleg, var den kommentaren som gjekk att blant lokale sauefolk på Myklebust.



Kursvert Olav viste lovande taktar

Dei 3 andre i teamet frå New Zealand var Rodney's kone Kirstene, Rick Wamvright og Dylan Manthey. Dette året var dei lærarar for 9 her i bygda medan det ifjor var 15 elevar. Grunnen til nedgangen er ikkje kjent. Elevane var Kjetil Fossheim frå Uskedalen, Anbjørn Høivik frå Uskedalen. Margun Eik frå Uskedalen, Jens Rasmus Tveit frå Tysnes, Laila Haukanes frå Varaldsøy, Ingebjørg Kjærevik frå Seimsfoss, Sigurd Seim frå Seimsfoss, Arne Utåker frå Utåker og Anders Seljestad frå Utne.

Vertskap for klypppegjengen var samboarane Olav Hjetland Bringedal og Ragnhild Tennebekk Bjørke med sitt nye sauefjøs som er eit av dei mest avanserte på våre kantar. Kvar deltakar betalte berre 300 kroner fordi kurset var sponsa av eit prosjekt.

Det var ein hektisk 'skuletime' som gjekk føre seg i føremiddag. Lærarane var flinke til å læra ifrå seg og det galdt i særleg grad rekordhaldaren som i høg grad la for dagen kor stor kapasitet han har.

Men elevane vart tydelegvis ikkje skremt av tempoet og Anbjørn Høivik sa det slik: - Det går greitt når ein først har lært å gjera dei samme grepa gong etter gong.

Vertskapet får klypt 220 sauer av 260 som følge av kurset.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen